

UTKAST**PROTOKOLL****Representantskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS****Møte: 2-2017****Tid: Fredag 8. desember 2017 kl. 09:30 – 10:15****Stad: Alver Hotel****Til stades:**

Ordfører:	Anne Dahle Austrheim (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Astrid Aarhus Byrknes (Lindås), Karstein Totland (Masfjorden), Øyvind Oddekalv (Meland), Tom Kristian Thorsen (Modalen), Jarle Skeidsvoll (Osterøy), Jon Askeland (Radøy)
Rådmenn:	Jan Olav Osen (Austrheim), Ingebjørg Vamråk (Fedje), Reidun Halland (Gulen), Ørjan Raknes Forthun (Lindås), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Martin Kulild (Meland), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy), Jarle Landås (Radøy)
Styret NUI:	Håkon Matre
NUI:	Rune Heradstveit
Forfall:	

Sak 7/17	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Forslag til Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
Sak 8/17	Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll Forslag til Samrøystes vedtak: x og x vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 9/17	Godkjenning møteprotokoll 1-2017 Forslag til Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2017 vart godkjent utan merknadar.
Sak 10/17	Orientering frå NUI Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte om status for arbeidsoppgåver og prosjekt i NUI. Vedlagt fylgjer presentasjon. Forslag til Samrøystes vedtak: Representantskapet tar orienteringa til etterretning.

<p>Sak 11/17</p>	<p>Godkjenning budsjett 2018 for Nordhordland Utviklingsselskap IKS Styreleiar Håkon Matre la fram styret sitt forslag til budsjett for 2018. Styret godkjente budsjettet i styremøte 21. november 2017.</p> <p>Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak: <i>Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2018. NUI får eit generelt løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</i></p> <p>Forslag til Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2018.</p> <p>NUI får generell løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</p>
<p>Sak 12/17</p>	<p>Val av revisor</p> <p>NUI sin revisor over mange år, har meldt at han trappar ned verksemda og at han i den samanheng ikkje ynskjer å ta på seg oppdrag for NUI lenger. NUI har innhenta pris frå tre leverandører. Alle tre var kvalifiserte og det var ingen synleg forskjell i kvalitet. KPMG var rimelegast på dei faste prisane og ut i frå ei totalvurdering tilrår administrasjonen at KPMG vert valt til revisor. Kostnaden til revisjon vil endre seg lite. Iht. Lov om interkommunale tenester § 28 «Selskapets revisjon», skal Representantskapet velja revisor.</p> <p>Styret handsama saka i styremøte 24.11.17 og gjorde følgjande vedtak:</p> <p>Samrøystes vedtak: Styret tilrår at KPMG vert valt som revisor til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.</p> <p>Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak: Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til at KPMG vert vart valt til revisor.</p> <p>Forslag til Samrøystes vedtak: Representantskapet vel KPMG som revisor for Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).</p>
<p>Sak 13/17</p>	<p>Val av styre til Nordhordland Utviklingsselskap IKS for 2018-2019 Valnemnda la fram forslag til styre for Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2018-2019:</p> <p>Valnemnda føreslo at gjeldande satsar for styrehonorar vert vidareført.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Styreleiar: kr x ▪ Nestleiar og medlem: kr x ▪ Møtehonorar for vara: kr x pr. møte <p>Forslag til Samrøystes vedtak: Representantskapet vedtok samrøystes innstillinga frå valnemna og oppnemner xxx</p>

	Honorar vert sett til kr. x,- for styreleiar og kr x,- for nestleiar og medlem og kr x,- som møtehonorar for vara. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.
--	---

Alver, 8. desember 2017

Karstein Totland
Leiar Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

x
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

x
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS